

KIK-Kulturminneplan i Kommunane 2013-2016

Årsrapport 2013-2014



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Innhold

Samandrag	2
Bakgrunn	2
Politisk handsaming i 2014	3
Aktivitet og resultat	4
Oppstart	4
Kunnskap og kompetanse	4
Samarbeid	8
Kulturminneplanar	12
Dokumentasjon	14
Ressursbruk	15
Resultat og evaluering	16
Vedlegg	17

Samandrag

Kulturminnekompesanse i kommunane 2013-2016 – KIK er eit prosjekt i regi av Hordaland fylkeskommune som arbeider for å auke kulturminnekompesansen i fylket. Fylkeskommunen, staten, kommunane, musea og frivillige samarbeider om lokale kulturminneplanar. Målet er å:

- styrka communal kulturminnekompesanse for å redusere tap av lokale kulturminne og bidra til at kommunane tek i bruk kulturminne som ressursar for oppleveling, kunnskap og verdiskaping
- betre samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane
- styrka alle kommunane sitt arbeid med kulturminneplanar
- Leggje til rette for bruk av digitale kulturminneregister i kommunane

Satsinga starta i 2013, men det var først i 2014 at prosjektorganisering var på plass og fylkeskommunen hadde ressursar til å følgje opp. Kulturminneplanarbeid er vel motteke og dei fleste kommunane har komme godt i gang. Erfaringar både her i Hordaland og nasjonalt viser at kommunane treng tid for å få kulturmineplan forankra i andre delar av kommunen si verksemeld og kjende blant innbyggaren. Det er gjennom slike prosessar at:

- kommunen og innbyggjarar blir kjend med og få eigarskap til kulturminna
- kommunen og innbyggjarar kan peike ut kulturminne som kjennemerke for kommunen og som kan vera med å fortelje kommunen si historie.
- kulturminnekompesanse i fylket aukes.

Fylkeskommunen har ein sentral plass i prosjektet gjennom tilrettelegging, utarbeiding av samarbeidsmodellar, kunnskapsformidling og rådgjeving. I løpet av 2014 har dei ulike sektorar i kommunane, historielag, frivillige, regionsmusea, fylkesmannen, riksantikvaren og fylkeskommunen samarbeidd, og prosjektet har gjennomført planlagde aktivitetar innafor fire satsingar :

1. Kunnskap og kompetanse
2. Samarbeid
3. Kulturminneplanar
4. Dokumentasjon

Bakgrunn

Kompetanseutvikling i lokalforvaltinga er eit av innsatsområda i det nasjonale kunnskapsløftet for kulturminnevernet, initiert av Klima- og miljødepartementet og Riksantikvaren. I 2013 vedtok fylkesutvalet målet om at alle kommunar i Hordaland bør ha kommunedelplanar for kulturminne. Same år løyvde Riksantikvaren midlar til utvikling av kulturminnekompesansen i kommunane i Hordaland, og fylkeskommunen etablerte prosjektet *Kulturminnekompesanse i kommunane 2013-2014 (KIK)*. I økonomiplanen 2014-2017 har fylkestinget vedteke ei årleg ramme på 1 mill. kr til føremålet, og det er sett av ressursar til kompetansebygging og rettleiing i kommunane. Riksantikvaren har signalisert at dette er eit satsingsområde fram til 2017.

Hordaland er eit fylke med særeeigne utfordringar, mellom anna skulda dei sterke demografiske endringane med høg vekst i Bergensregionen og i kystkommunane, og nedgang i indre strøk. Desse endringane utfordrar fylket sitt kulturminne på ulike vis. Mens kulturminne og kulturlandskap i indre strøk er prega av nedfall og gjengroing er kulturminne i vekstområde ofte i fare for nedbygging.

Utfordringar for kulturminnevern i Hordaland er:

1. Høgt tap av lokale kulturminne
2. Kulturminnevern lite tydeleg som fag- og politikkområde i lokal forvalting
3. Manglande kulturminneplanar for mange kommunar
4. Manglande tilgang til digitale register over kulturminne i alle kommunar

Strategiar for å løyse utfordringane:

1. Utvikling av kompetanse i kommunane
2. Betre samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane med vekt på tidleg dialog som reduserer tal på motsegnssaker
3. Styrke kommunane sitt arbeid med kulturminneplanar
4. Leggje til rette for bruk av digitale kulturminneregister i kommunane

Politisk handsaming i 2014

I sak PS 14/14, 21.01.2014 gjorde fylkesutvalet slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet sluttar seg til innhaldet og satsinga og vedlagt prosjektplan for prosjektet Kulturminneplan i kommunane 2013-2016.
2. Fylkesutvalet ser det som viktig med god dialog med kommunane i kulturminnesaker.

I sak PS 84/14, 03.06.2014 gjorde Kultur- og ressursutvalet slikt vedtak:

1. Kultur- og ressursutvalet ber om føreseielege statlege rammer frå Riksantikvaren i samband med kulturminneplanarbeid i kommunane.
2. Kultur- og ressursutvalet føreset at kommunane i prosjektet utarbeider kommunedelplan for kulturminne basert på brei medverknad, og med rettsverknad og politisk forankring heimla i plan- og bygningslova.
3. Kultur- og ressursutvalet løyver kr.1.400.000 av budsjettpost 10.400.735.84 slik:

	Kommune	Søknad reg.	Søknad plan	Tilskot reg.	Tilskot plan
1	Austevoll	100 000	100 000	100 000	0
2	Bømlo	100 000	100 000	100 000	0
3	Etne	100 000	100 000	0	100 000
4	Fedje	100 000		0	100 000
5	Fjell		100 000		100 000
6	Granvin	100 000		0	100 000
7	Kvam	100 000	100 000	100 000	0
8	Kvinnherad		100 000		100 000
9	Meland	100 000	100 000	100 000	0
10	Radøy		100 000		100 000
11	Stord	Ikkje spesifisert			0
12	Sund		100 000		100 000
13	Sveio		50 000		0
14	Ullensvang	100 000	100 000	0	100 000
15	Vaksdal		100 000		100 000
16	Øygarden		100 000		100 000
		800 000	1 250 000	400 000	1 000 000

Aktivitet og resultat

Aktivitetane i prosjektet er organisert under dei fire satsingsområda: Kunnskap og kompetanse, samarbeid, kulturminneplaner og dokumentasjon. Nokre aktiviteter kunne har vore plassert under fleire av disse satsingsområda, men denne gjennomgangen tar utgangspunkt i inndelinga i prosjektplanen, sjå vedlegg. Prosjektet starta formelt i 2014. Aktivitetane gjennomført i 2013 er rapportert her under oppstart for å få ei samla oversikt.

Oppstart

I mars 2013 vart alle kommunane invitert til eit oppstartsseminar - *Treng kommunar kulturminneplan*. Dette var organisert av Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune og var del av Utviklingsnett som er eit kompetanse-tilbod som tar opp aktuelle kulturminnereflekte tema og er organisert av Riksantikvaren.

Prosjektplanen vart utarbeidd av ei interngruppe i løpet av hausten 2013 og politisk handsama 21.01.2014.

Styre for prosjektet vart fastsett i løpet av våren 2014.

- Leiar - Per Morten Ekerhovd, fylkeskonservator, Hordaland fylkeskommune
- Marit Rødseth, plansjef, Hordaland fylkeskommune
- Ellen Tveit, Sveio kommune, Samarbeidsråd for Sunnhordland
- Knut Markhus, Kvam herad, Hardangerrådet
- Berit Vik, Fjell kommune, Regionrådet Vest
- Knut Moe, Modalen kommune, Regionråd Nordhordland IKS, (vara - Rune Heradstveit)
- Trygve Solløs, Museum Vest
- Egil Hauge, Fylkesmannen i Hordaland

Regionsråda vart beden om å føreslå medlemmer til styringsgruppe.

Det var styremøte 09.09.2014.

Intern arbeidsgruppe var fastsett i januar 2014. Fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd er fagleg ansvarleg. Prosjektleiar er Elizabeth Warren. I tillegg er Gunnbjørg Austrheim, Elisabeth Bjørsvik, Inger Lena Gåsemøy, Solveig Rongved med i gruppe. Det er prosjektgruppemøte ein gong i veka.

Aktivitetar 2013 - Oppstart	Dato	Målgruppe
Treng kommunar kulturminneplan - Utviklingsnett	05.03.2013	Kommunar
Kurs kulturminnedatabasar og kart	05.04.2013	Kommunar
Verkstad - Kulturminneplanar - kommunesatsinga i Hordaland Radisson Blu Hotell, Bryggen	17.10.2013	Kommunar og musea

Kunnskap og kompetanse

Alle aktivitetar er med på å auke kunnskap og kompetanse, men hovudfokus i denne satsinga er å auke forståing for kulturminnelova, plan- og bygningslova, forskriftene, handtering av kulturminne i plan- og bygggesaker, planleggingsmetodikk og bygningsvern, vedlikehald, tilrettelegging, skjøtsel, formidling og verdiskapingsarbeid.

Følgjande aktivitetar er gjennomført i løpet av 2014:

Aktivitet 2014 – Kunnskap og kompetanse	Dato	Målgruppe
Verkstad- Verdivurdering - sjøbruksmiljø i Sunnhordaland i samband med regional kystsoneplan	22.01.2014	Kommune, fylkeskommune
Samling for KIK kontaktar i fylkeskommunane – erfaringsutveksling for tilsvarende prosjekter i Norge	25.-26.02.2014	Fylkeskommunane
Kurs i kulturminne og plan- og bygningslova for regional forvalting	14.03.2014	Regionale forvaltning og Bergen kommune
Steinriket Børmlø samling - formidling til publikum om prosjektet	05.-06.04.2014	Frivillig, Børmlø
Innlegg i kystkulturkonferansen - Planlegging for vern av Kystkultur, lokale kulturminneplanar	07.04.2014	Fortidsminneforening, frivillig og kommune
Innlegg om Kulturminneplanar og skjøtsel av fornminne i samband med fylkesmann, landbruk	29.-30.04, 06.05.2014	Kommunane, Landbruk
Studietur i Hordaland og S&F- EØS - HOME prosjekt-Polen til Fjell, Sund, Øygarden	02-06.06 2014	Fjell, Sund, Øygarden-HOME prosjekt
Kurs bygningsvern i praksis-restaurering av verneverdige bygningar på gardsbruk Staup, Voss	03.06.2014	Kommune - landbruk
Kurs i DIVE-stadanalyse og stadutvikling på Voss	03.-04.09.2014	Kommune, konsulentar
Kurs kulturminnedatabaser og kart	25.09.2014	Kommune
Studietur i Polen - HOME prosjekt, Fjell, Sund, Øygarden	20.-24.10.2014	Fjell, Sund, Øygarden-HOME prosjekt
Kulturminne i kommunane nok en gang - Utviklingsnett Riksantikvaren	29.10.2014	Kommune, fylkeskommune
Verkstad - Kulturminneplanar, Salhus	05.11.2014	Kommune
Kulturminnedataseminar, Riksantikvaren	11-12.12.2014	HFK



03.09.2014 - Kurs i DIVE-stadanalyse og stadutvikling på Voss




29.10.2014 - Kulturminneplanverkstad på Salhus – pause

Dei fleste aktivitetar er gjennomført slik dei er skissert i prosjektplan, men underveis har vi tilpassa nokre aktivitetar til det som skjer elles i fylket. Dette gjeld kulturminnegrunnlag for to store regionale planar i Sunnhordland – den regionale kystsoneplanen og den interkommunale standsoneplanen og eit EØS prosjekt som Riksantikvaran i Norge og Polen leiar som heiter HOME – «Heritage of my environment» med fokus på lokale kulturminne.

Sjøbruksmiljø, kulturminnegrunnlag og regionale kystsoneplanen og interkommunal plan for strandsone i Sunnhordland

Planseksjonen i fylkeskommunen har hyra inn konsulentar for bl. a. å utdjupe kulturminnetema som grunnlag til planarbeid for kystsona, der sjøbruksmiljøa var fokus. I 1989 vart det gjennomført eit forprosjekt på sjøbruksmiljøregistrering i Sunnhordland i samband med kystsoneplan. Det var ønskeleg å få ei oppdatering på tilstand og status på desse sjøbruksmiljøa. I samarbeid med planseksjonen, Sunnhordlandsommunane (med tilsett frå både plan og kultur), konsulentar og arbeidsgruppe for dette prosjektet, har vi verdivurdert sjøbruksmiljøa, basert på dei tidlegare sjøbruksmiljøregistreringane, og skissert mogleg avgrensing for omsynssone rundt dei mest verneverdige miljøa. Desse kan kommunane bruke vidare i arbeid med kulturminne- og kommuneplan.



HOME – Heritage of my environment – EØS prosjekt leia av Riksantikvarane i Norge og Polen med fokus på lokal kulturarv

Riksantikvaren inviterte Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune til å delta i prosjektet. I tillegg vart Fjell, Sund og Øygarden i Hordaland og Eid og Vågsøy i Sogn og Fjordane med. Polen deltok med tilsvarende nasjonale, regionale og lokale representantar og nokre eksperter.


Prosjektet er tilrettelagt for at norske og polske kommunar kan sjå korleis kulturminner kan vera ein ressurs i lokal utvikling. To vekelange studieturar, ein i Norge og ein i Polen, gav ordførarar, kultursjefar og planleggarar frå fem norske kommunar anledning til å utveksle erfaringar om lokal kulturminneforvaltning med polske kolleger.

Lærer hvordan kultur skaper utvikling

Av: Ellen Mauritzen, Riksantikvaren

Nyhet | Publisert: 13.11.2014

Polske kommuner satser på kulturminner for å skape vekst og arbeidsplasser. Dette inspirerer flere norske ordførere til større bevissthet om egne kulturminner.



Hjemmeside til HOME-prosjektet:
<http://dom.nid.pl/>

Informasjon og video om HOME prosjektet på regeringen.no

<https://www.regjeringen.no/nb/aktuelt/Larer-hvordan-kultur-skaper-utvikling-av-Polen/id2340706/>

Norwegian-Polish heritage cooperation



The cemetery by the orthodox, Unesco listed church in Radruz. Photo: Ellen Mauritzen © Riksantikvaren

07/11/2014 10:35 am modified 07/11/2014 2:05 pm

How can heritage be an asset in local and regional development?
The Norwegian Directorate for Cultural Heritage is cooperating with the National Heritage Board in Poland on strengthening local heritage management.

Informasjon om HOME prosjekt Riksantikvaren

<http://www.riksantikvaren.no/en/Topics/International-activities/International-Project-News/Norwegian-Polish-heritage-cooperation>

Begge desse aktivitetane styrker kunnskap og kompetanse om lokale kulturminne for dei kommunane som er direkte involvert. I tillegg vart det gjennomført fleire tiltak som har overføringsverdi til alle kommunar som arbeider med kulturminneplanar:

- Kommunetilsett fikk erfaring med korleis lokale kulturminne kan og bør verdisettast og brukast som ressursar i lokale samfunn.
- Rettleiingshefta som Riksantikvaren har utarbeidd, *Kulturminneplaner i Kommunen*, vert revidert.
- Ei spørreundersøking om verdien av lokale kulturminne for allmenta vert gjennomført i Norge.
- Eit hefte som framhevar gode løysingar for lokale kulturminne frå kommunane involvert i HOME-prosjektet vert laga i 2015.

Samarbeid

Her er nokre av tiltaka som er planlagt gjennomført i løpet av KIK prosjekt, jf prosjektplanen.

Mange av dei er aktiviteter som skjer gjennom heile prosjektperioden. Det er for tidleg å konkludere med at vi har gjennomført desse, men vi har sett fokus på nokre av dei.

Planlagt aktivitet	Tiltak:
Rådgjeving	Eiga rådgjevingsordning for kommunane - tidleg og tydeleg – leggje fram planar og tiltak utanom planforum. Vekt på å rydde i motsegnssaker.
Partnarskapsmodell	Basert på gjeldande roller, ansvar og samarbeid mellom kommunane og fylkeskommunen etablerast partnarskapsmodell for auka kommunalt handlingsrom i kulturminnevernet.
Kommunane og musea	Styrke kommunen og musea sin kompetanse om kulturminne og utvikle samhandling og samarbeid som vil vare utover prosjektet: <ul style="list-style-type: none"> - Modellar for korleis musea og frivillege kan stø kommunane med registreringsarbeid, skjøtsel, vedlikehald og formidling. - Styrka kontakt mellom kommunane og musea om kulturminnevern og verdiskaping
Koordinert verkemiddelbruk	Etablering av ordninger for kommunale tilskot til lokalt prioriterte kulturminne med medverknad frå fylkeskommunen og staten.
Konkrete oppgåver og samarbeidsprosjekt - døme	<ul style="list-style-type: none"> - Skjøtsel og formidling - Styrke formidling av forhistorie i musea - Kulturminneprosjekt i Den kulturelle skulesekken
Informasjon	Nettportal hos Hordaland fylkeskommune: alt om prosjektet og med link til kommunedelplan for kulturminne, informasjon om kurs og verkstad, informasjon om kulturminne i kommunane i Hordaland.

Rådgjeving - får ned tal på motsegn

Å få ned tal på motsegnssaker når det gjeld kulturminne har vore ei satsing i den interne sakshandsaminga i seksjon for kulturminnevern og museum. I løpet av 2014 hadde kultur- og ressursutvalet motsegn til 2 kommuneplanar, 3 områdeplanar og 1 detaljplan med bakgrunn i kulturminneinteresser. Fire av motsegnene var basert på reell arealkonflikt mellom utbygging og verdfullt kulturminne. To av sakene kunne vore løyst før dei kom på høyring. Eit av motsegnpunktene var at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova ikkje var oppfylt. Den andre gjaldt areal kor LNF-spreidd bygging er tilte i eit område med høgt potensial for funn. Tidleg dialog i saker som gripa inn i verdfulle kulturminne er eit av tiltaka som det er sett fokus på i prosjektet. Betre informasjon på våre nettsider og meir offensiv formidling av undersøkingsplikt og sakshandsaming rutinar rundt kulturminne blant private konsulentar og kommunetilsette vil kunne redusere tala på motsegner.

KURE 2014 – MOTSEGNSAKER KULTURMINNEINTERESSER

Kommune	Plantype	Område	Saksnr	KURE dato	kommentar -motsegn
Kvinnherad	detaljplan	delar av gnr. 64 bnr. 160, Ænes	2014/11969	18.03.2014	Manglande undersøkingsplikt sjøfartsmuseum
Fjell	kommuneplan		2014/15306	16.09.2014	Vindeneskvarven freda kulturminneinteresse LNF-spreidd i område med høgt potensial for funn
Sund	områdeplan	Skaganseset	2014/19373	16.09.2014	Vegalternativ 2 - kulturminneinteresse i Kvalvågen
Stord	områdeplan	Sævarhagen-Haga-Nedre Økland	2014/17184	21.10.2014	Freda kulturminne, manglande omsynsone, manglande undersøkingsplikt
Osterøy	områdeplan	Valestrand	2014/18050	21.10.2014	Motsegn kulturminneinteresser Bullaeigedomen, Garveri i Valestrandsfossen, Nausthagen
Meland	kommuneplan		2014/18701	21.10.2014	To LNF-spreidd område med høgt potensial for funn

Den kulturelle skulesekken

I ordninga med den kulturelle skulesekken har ein etablert faggrupper og fagleg råd som skal gå gjennom og vurdere søknadene som kjem inn. I tillegg vert det meir utadretta verksemد for å få inn fleire søknader på feltet museum og kulturminnevern. Faggruppa for kulturminnevern hadde møte i desember.

Samarbeidsprosjekt

Fleire skjøtsels- og formidlingsprosjekt om forhistorie rundt i Hordaland har komme godt i gang og satsinga gjennom BARK « Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne» er vel motteke i kommunane, jf. PS 129/2014 i Kultur- og ressursutvalet 21.10.2014. Kulturminnevern og museum har prioritert ei stilling til dette arbeidsfeltet. Det var fleire gode samarbeidsprosjekt på skjøtsel og formidling av førhistorie som involverer frivillige, barn, kommune og musea i Hordaland i 2014. Blant desse er skjøtsel og formidling av det største gravfeltet på Hæreid i Eidfjord, og skjøtsel og formidling av freda kulturminne ved Vindenes, Fjell kommune. På Vindenes er det spor frå steinalderen og fram til mellomalder som ligger i urørt landskap. Skolebarn var involvert i vegetasjonsskjøtsel av ei godt synleg gravrøys ved Bekkjarviksundet i Austevoll.



24.04.2014 – Skulebarn i gong med vegetasjonsskjøtsel av ei godt synleg gravrøys like ved bruа over Bekkjarviksundet, Austevoll



24.06.2014 – Samarbeid med Fjell kommune, Universitet i Bergen og Fjell kommune om kulturminne på Vindeneskvarven.



25.03.2014 – Samarbeid med Eidfjord kommune om sjøtsel og tillrettelegging gravfelt på Hæreidterrassen

Nettportal

Nettportal med alt om prosjektet, rettleiingar, gode døme, nyheiter, informasjon om kurs og verkstad er no på plass og under stadig forbetring.

Du er her: [kultur](#) / kulturminnekompotanse ...



Kulturminnekompotanse i kommunane 2013-2016 - KIK

Hordaland fylkeskommune arbeider for å auke kulturminnekompotansen i fylket. Målet er å få betre oversikt over dei viktigaste kulturminna og å sikre kulturarven. Fylkeskommunen, staten, kommunane, musea og frivillige samarbeider om lokale kulturminneplanar.

Slik bidrar fylkeskommunen til auka kulturminnekompotanse:

- økonomisk støtte
- bruk av digitale kulturminneregister
- kurs om kulturminneregistrering
- gode rutinar for tidleg dialog i plansaker
- kommunalt handlingsrom i kulturminnevernet
- informasjon og kunnskap om kulturminneforvaltning
- god kontakt mellom kommunane og musea om formidling av kulturarv og verdiskaping

Kulturminne er kjelder til kunnskap, oppleveling og verdiskaping

Snarvegar

- Mal - kulturminneplan
- DIVE i stadanalyse og stadutvikling
- Kulturminneregistre og -registrering

Dokument

- KIK prosjekt
- Kulturminneplanar i Hordaland
- Andre kulturminneplanar
- Riksantikvaren - rettleiing
- Riksantikvaren - Kulturminne i kommune
- Andre fylker - kulturminne i kommunen

Tenester

Internett - <http://www.hfk.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminneplan/>

Aktivitet 2014 - Samarbeid	Dato	Målgruppe
Rydde i motsegsaker – meir informasjon på nett	pågåande	Kommune
Samarbeidsprosjekt skjøtsel gravrøys Bekkjaviksundet, AUSTEVOLL	24.04.2014	Alle
Samarbeidsprosjekt skjøtsel Hæreidsterrassen, EIDFJORD	pågåande	Alle
Samarbeidsprosjekt om skjøtsel, Vindenes, FJELL	pågåande	Alle
Verkstad - lokale kulturminneplanar i kommunane – (HOME Heritage of my environment EØS prosjekt riksantikvaren)	04.-05.03.2014	Fjell, Sund, Øygarden-HOME prosjekt, Museum Vest
Nettportal		alle
Kulturminneprosjekt i Den kulturelle skulesekken	desember	Kommunane, HFK

Partnarskapsmodell, Kommunane og musea, Koordinert verkmiddelbruk,

Etterkvart som kommunane kjem litt lenger med kulturminneplanarbeid er det meir aktuelt å fokusere på desse tre oppgåvene. I 2015 vil prosjektet skissere partnarskapsmodellar som kan vera aktuelle når kommunen har vedtatt kulturminneplanar. Når det gjeld samarbeid mellom kommune og musea har vi brukt 2014 til å gjera bygningsvernksulentane og kommunetilsette meir kjent med kvarandre og begge gruppene har vore invitert til samlingane.

Kulturminneplanar

Arbeid med kulturminneplanar i kommunane tar lengre tid enn venta. I prosjektplanen vert det indikert at seks kommunar skulle ha vedteke kulturminneplanar innan utgangen av 2014. Dette målet vart ikkje nådd. Fitjar, Vaksdal og Sveio er i avslutningsfasen. Dei starta arbeidet i 2012. Riksantikvaren ser same tendensen nasjonalt. Det tar tid å få ein slik plan forankra og formidla i lokalsamfunnet.

NORDHORDLAND	SUNNHORDLAND	HARDANGER/VOSS	VEST	BERGEN OG OMEGN
Modalen (2000)	Stord (2009)	Voss (2004)	Askøy (nesten ferdig)	Fusa 1998
Masfjorden (2009)	Sveio 2012	Jondal (2009)	Fjell 2013	Samnanger 2013
Lindås (2011)	Fitjar 2012	Odda (2012)	Sund 2013	Vaksdal 2012
Austrheim 2013	Kvinnherad 2013	Ulvik 2013	Øygarden 2013	Bergen
Radøy 2013	Austevoll 2014	Eidfjord 2013		Os
Meland 2014	Etne 2014	Kvam 2014		
Fedje 2014	Bømlo 2014	Granvin 2014		
Osterøy	Tysnes	Ullensvang 2014		

Ferdig kulturminneplan **Kulturminneplan starta** **Søkt midlar i 2014** **Ikkje søkt**

Aktivitet 2014 - Kulturminneplanar	Dato	Målgruppe
Verdivurdering av kulturminne, SVEIO og FITJAR med Sunnhordlandsmusea	12.11.2013	FITJAR, SVEIO
Oppstartsmøte ULVIK	07.03.2014	ULVIK
Oppstartsmøte NORDHORDLAND	12.03.2014	RADØY, AUSTRHEIM, MELAND, FEDJE
Oppstartsmøte BØMLO	21.03.2014	BØMLO
Oppstartsmøte SUND	27.03.2014	SUND frivillig, ordførar,kommune
Kurs- kulturminnesøk og kulturminneregistrering - ULVIK	09.04.2014	ULVIK - frivillig og kommune
Kurs- kulturminnesøk og kulturminneregistrering - FJELL	17.06.2014	FJELL-frivillig og kommune
Kulturminneplaner i SUND kommune planlegging registreringskurs	21.08.2014	SUND
Kurs- kulturminnesøk og kulturminneregistrering - SUND	09.09.2014	SUND
Kurs- kulturminnesøk og kulturminneregistrering RADØY	26.10.2014	RADØY- frivillig og kommune



21.03.2014 - Oppstartsmøte Bømlo kommune



09.09.2014 – Kurs - registrering på Glesvær, Sund



Naustmiljø på Glesvær



26.10.2014 – Kurs - Kulturminneregistrering på Manger, Radøy

Det er for tidleg med ein omfattande gjennomgang av resultata av kulturminneplanprosjektet, men det er observasjonar som peike på at satsinga på kulturminneplanar er eit godt og etterlengt tiltak.

- Dei fleste kommunar har valt å styre prosessen i kommunen utan konsulentteneste
- Kulturminneplanarbeid vart forankre politisk i kommunen
- Fleire sektorar i kommuneadministrasjon er involvert i kulturminneplanarbeid
- Gode gjennomtenkt planprogram
- Utan økonomisk og fagleg støtte hadde ikkje kommunane prioritert dette arbeidet
- Kurs heldt av fylkeskommunen vert gjort om til permanente årlege kurs for kommunetilsette
- Involvering av frivillige er eit positivt tiltak og fleire har møtt opp på registreringskurs
- Mange frivillige er godt kompetente fagpersonar med stor lokalkunnskap
- Informasjon om lokal kulturminne publiserast på kommunens nettstad
- Lokalhistorikar vart engasjerat til å skrive delar av planen
- Bygningsvernkonsulentane og kommunen kjänner betre til kvarandre
- Kommunetilsett og frivillige får eit eigarskap til kulturminne
- Kommunen får identifisere kor det er viktig å sikre kulturminne og kor det er mogleg med utbygging
- Døme på identitetsskapande kulturminne - Sveio har funnet ein spesiell type naust langs Ålfjord med bokkerverkstad over naustet; Vaksdal har funnet heilt unikt kulturminne knytt til si sandnæringa.

Dokumentasjon

Lokal kulturminneregistrering er starta opp i fleire kommunar. Utfordringar knytt til kor lokale kulturminnedata skal lagrast er ikkje løyst. Kulturminnesøk vert utvikla sentralt med dette i tankane. Utfordringa er at kulturminnesøk er ei web-basert formidlingsstad, og er ikkje utforma som ein fullverdig database. Kommunane har meldt tilbake at det er vanskeleg å bruke registreringane i kulturminnesøk i forvaltningsoppgåver. Riksantikvaren har konkludert med at kommunetilsette vil få tilgang til Askeladden, den nasjonale kulturminnedenbasen. Det er gjennom Askeladden at informasjon om kulturminne prioritert av kommunen skal forvaltas.

Riksantikvaren ser at kommunane brukar for mykje tid på nye kulturminneregistreringar og at det er ei av årsakene til forseinking i kulturminneplanarbeid. Fokus er å starta med dei kulturminne enn kjänner til saman med lokal kunnskap. Då kan ein heller peike ut tema og område som ein ikkje har tilfredsstillande registreringar i handlingsplanen til kulturminneplan, og fokusere på det i framtida.

Opplæring i fleire kommunar om bruk av kulturminnesøk blant frivillige er gjennomført.

I 2015, etterkvart som det er klargjort kor kommunane skal forvalte kulturminnedata, vert det sett fokus på å etablere faste rutinar for kven som dokumenterer kva, korleis og kor informasjon av ulike kulturminne skal lagrast og formidlast.

SEFRAK-ARKIV

Delprosjekt - (SEKretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Norge). SEFRAK er eit stort landsdekkjande register av eldre bygningar bygd før 1900. Feltarbeid for dette registeret vart utført mellom 1975-1995. I Hordaland er det over 40000 objekt som er fotografert og skildra. Det er viktig å gjøre informasjonen meir tilgjengeleg i kommunane og sikre dette omfattande arkivmaterialet. Fleire kommunar har ikkje teke vare på skjema og foto.

I slutten av 2014 vart det sendt ut konkurransegrunnlag for å få SEFRAK-arkiv (bygnigar bygd før 1900), scanna og lagt inn i BraArkiv slik at det er tilgjengeleg for kommunetilsette og søkbar etter gards og bruksnummer og bygningsnummer. Arbeidet bør vera slutført innan utgangen av sommaren 2015.

Aktivitet 2014 - Dokumentasjon	Dato	Målgruppe
Digitalarkiv samling, Trondheim	28.-29.01.2014	Prosjektet
Tilrettelagt SEFRAK data med gards og bruksnr for kommunane	pågåande	Gitt til: Sveio, Fitjar, Ulvik, Radøy, Bømlo,
Utllysning av anbod for skanning og tilgjengleggjering av SEFRAK register - Delprosjekt	17.12.2014	Kommunane og HFK
Samarbeid med riksantikvaren for å finne gode digitale løysingar for lokale kulturminne	pågåande	kommunane

Ressursbruk

Alle kommunane utan kulturminneplanar som søkt vart tildelt midlar

Oversikt tilskot til kulturminneplanarbeid i kommunane i Hordaland 2011-2014

Kommunar i grårader har vedteken kulturminneplan:

Kommune	Kulturminne-plan (år)	HFK plan midlar 2011-2014	RA midlar 2012-2013	Prosjekt midlar 2014
Askøy				Plan ikkje godkjent
Austevoll				100 000
Austrheim			100 000	
Bergen				
Bømlo				100 000
Eidfjord			100 000	
Etne				100 000
Fedje				100 000
Fitjar		100 000	100 000	
Fjell			100 000	100 000
Fusa	1998			
Granvin				100 000
Jondal	2009			
Kvam				100 000
Kvinnherad			100 000	100 000
Lindås	2011			
Masfjorden	2009			
Meland				100 000
Modalen	2000			
Odda	2012	110 000		
Os				
Osterøy				
Radøy			100 000	100 000
Samnanger	2013		100 000	
Stord	2009			
Sund			100 000	100 000
Sveio		112 000	100 000	
Tysnes				
Ullensvang				100 000
Ulvik			100 000	
Vaksdal			100 000	100 000
Voss	2004			
Øygarden			100 000	100 000
TOTAL		322 000	1 200 000	1 400 000

Resultat og evaluering

Det er for tidleg med ein omfattande gjennomgang av resultata av kulturminneplanprosjektet, men det er observasjonar som peike på at satsinga på kulturminneplanar er eit godt og etterlengt tiltak.

- Dei fleste kommunar har valt å styre prosessen i kommunen utan konsulentteneste
- Kulturminneplanarbeid vart forankre politisk i kommunen
- Fleire sektorar i kommuneadministrasjon er involvert i kulturminneplanarbeid
- Gode gjennomtenkt planprogram
- Utan økonomisk og fagleg støtte hadde ikkje kommunane prioritert dette arbeidet
- Kurs heldt av fylkeskommunen vert gjort om til permanente årlege kurs for kommunetilsette
- Involvering av frivillige er eit positivt tiltak og fleire har møtt opp på registreringskurs
- Mange frivillige er godt kompetente fagpersonar med stor lokalkunnskap
- Informasjon om lokal kulturminne publiserast på kommunens nettstad
- Lokalhistorikar vart engasjerat til å skrive delar av planen
- Bygningsvernkonsulentane og kommunen kjänner betre til kvarandre
- Kommunetilsett og frivillige får eit eigarskap til kulturminne
- Kommunen får identifisere kor det er viktig å sikre kulturminne og kor det er mogleg med utbygging
- Døme på identitetsskapande kulturminne - Sveio har funnet ein spesiell type naust langs Ålfjord med bøkkerverkstad over naustet; Vaksdal har funnet heilt unikt kulturminne knytt til si sandnæringa.

Aktivitetsplan

Kulturminneplan i kommunane 2013-2016 (KIK) – Hordaland fylkeskommune

Aktivitet	Forklaring fargekode:	2013				2014				2015				2016			
		1.	2.	3.	4.	1.	2.	3.	4.	1.	2.	3.	4.	1.	2.	3.	4.
Oppstart	Aktor*																
Seminar - Treng kommunar kulturminneplan	RA, HFK, K																
Utarbeid prosjektplan	HFK																
Fastsett arbeidsgruppe	HFK																
Politisk sak til fylkesutvalet i HFK	HFK																
Prosjektet på internett	HFK																
1. Kunnskap og kompetanse																	
Verkstad - kulturminneplanar	HFK, M, K																
Verkstad - formidling, skjøtsel, vedlikehald, verdiskap.	HFK, M, K																
Verkstad - bygningsvern i praksis med fylkesmannen	HFK, M, FM																
Kurs/verkstad tilrettelagt for kommune/region	HFK, M, K																
Kurs - kulturminnedatabaser og kart	HFK																
Kurs - bygningsvern for kommunane	HFK, M																
Kurs - forvaltning av kulturminne (PBL;KML)	HFK																
2. Samarbeid																	
Rådgjeving – rydde i motsegnssaker	HFK, K																
Partnarskapsmodell for auka kommunal handlingsrom	HFK, K																
Samhandling kommunane og musea	HFK, M, K																
- Musea og frivillig stø kommune med registrering, skjøtsel og formidling	M, K																
- Styrka kontakt mellom kommunene og musea om kulturminnevern og verdiskaping	M, K																
Koordinert verkemiddelbruk – etablerer kommunalt tilskot til lokale kulturminne med medverknad fra HFK og staten	HFK, K																
Konkret oppgåve og samarbeidsprosjekt																	
- Skjøtsel, formidling															HFK, RA, K		
- Styrke formidling av forhistorie i musea															HFK, M		

Kulturminneplan i kommunane 2013-2016 (KJK) – Hordaland fylkeskommune

Aktivetsplan

Aktivitet	Aktør*	2013				2014				2015				2016			
		1.	2.	3.	4.	1.	2.	3.	4.	1.	2.	3.	4.	1.	2.	3.	4.
- Kulturminneprosjekter i skulesekken	HFK, K																
3. Kulturmineplanar																	
Dialogmøte med kommunane/region etter behov	HFK, K																
Verdивurdering av kulturminne med musea	HFK, M, K																
Tilskotsordning for kommunane inntil kr 100 000,- fra Hordaland fylkeskommune																	
Kulturminneplanlegging – rådgjeving basert på kommunane sine behov og Riksantikvarens mål for kulturminneplaner	RA, HFK, M, K																
Rapportering status fra kommunane tildelt midlar	K																
Tal kulturminneplan vedtatt	K																
Tal kulturminneplan revidert	K																
Tal kulturminneplan kartfesta (og revidert)	K																
4. Dokumentasjon																	
Kulturminneoversikt (eksisterende kunnskap)	HFK, K																
Kulturminneregistrering (tilskot av inntil kr 100 000,- for hver kommune fra Riksantikvaren)	HFK, M, K																
Digitalisering av skjema og foto fra SEFRÅK	HFK,																
Rutinar for kulturminnedata og dokumentasjon	HFK, M, K																
Statistikk – etablere styringsdata om kulturminne i alle kommunar (dokumentera utvikling over tid)	HFK, M, K																
Rapportering styringsgruppe, evaluering, justering	HFK																
Statusrapportering KURE og fylkesutvalet	HFK																
Sluttrapportering	HFK																

*Aktør: K – kommune, M – musea; HFK – Hordaland fylkeskommune; RA – Riksantikvaren; FM – Fylkesmannen

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Tlfon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no